



MØTEPROTOKOLL KOMMUNESTYRET

Møtedato: 08.05.2017
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 11:00 - 13:30

Møtedeltakarar:

| Medlemmer | Parti | Rolle |
|--------------------------|-------|--------------|
| Eirik Haga | AP | Ordførar |
| Heidi Rongved | AP | Medlem |
| Anne Christin Eide | AP | Medlem |
| Anders Jin Risnes | AP | Medlem |
| Magne Hestad | AP | Medlem |
| Brita Hesjedal Lunde | AP | Medlem |
| Jan Hansen | AP | Medlem |
| Sigmund Simmenes | SP | Varaordførar |
| Hege Eide Vik | SP | Medlem |
| Jarle Audestad | SP | Medlem |
| Line Eide Vik | SP | Medlem |
| Kjartan Haugsnes | SV | Medlem |
| Line Kydland | SV | Medlem |
| Arne Normann | KRF | Medlem |
| Jan Erik Bernes Roe | KRF | Medlem |
| Anneli Vatile Lilletvedt | H | Medlem |
| Bjørn Roald | H | Medlem |
| Boris Groth | FRP | Medlem |
| Tom Charles Johnsen | MDG | Medlem |

| Varamedlemmer | Parti | Rolle |
|------------------------|-------|------------|
| Olav Stamnes Bjørnberg | AP | Varamedlem |
| Odd Jøran Oldervik | SV | Varamedlem |

| Forfall | Parti | Møtande varamedlem |
|-----------------------|-------|------------------------|
| Bjørn Øivind Krogsrud | AP | Olav Stamnes Bjørnberg |
| Evelyn Boge | SV | Odd Jøran Oldervik |

Andre møtande:

Konst. rådmann Åse Elin Myking
Politisk sekretær Sølvi Legård



Saksliste

| SAKSNR | TITTEL |
|---------|--|
| 27/2017 | GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE |
| 28/2017 | GODKJENNING AV MØTEBOK |
| 29/2017 | REFERATSAKER OG MELDINGAR |
| 30/2017 | ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET FOR 2016 |
| 31/2017 | BUDSJETT VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF |
| 32/2017 | PLANSTRATEGI 2017-2020 - 2 GANGS HANDSAMING |
| 33/2017 | INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TILSYN MED FORSØPLING FORURENSINGSLOVEN - INNGÅING AV AVTALE MELLOM VAKSDAL KOMMUNE OG BIR AS |
| 34/2017 | LOKAL "FORSKRIFT OM VASS- OG AVLAUPSGEBYR I VAKSDAL KOMMUNE" ENDRING I PUNKT I GJELDANDE FORSKRIFT |
| 35/2017 | STANDARD ABONNEMENTSVILKÅR FOR VANN OG AVLØP |
| 36/2017 | INTERPELLASJON FRA MDG VAKSDAL - TILTAK FOR Å BEKJEMPE PROBLEM MED BRUNSNIGLAR |
| 37/2017 | INTERPELLASJON FRÅ VAKDAL SV - VAKSDAL KOMMUNE SOM MEDLEM AV TRANSPARENCY INTERNATIONAL |
| 38/2017 | SØKNAD OM PENGESTØTTE TIL AKSJON E16 VOSS-BERGEN |



27/2017: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 27/2017 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

28/2017: GODKJENNING AV MØTEBOK

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 28/2017 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

29/2017: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Tilleggsframlegg til referatsak 1 frå Kjartan Haugsnes, SV:

Administrasjonen kjem attende til kommunestyret med informasjon om følgjande.



- *Rådmannen sin internkontroll i høve bruk av datasystem i kommunen.*
- *Datahandsamingsavtale med Vigilo, herunder system for ma. reglar for innsyn og når personopplysningar vert sletta.*
- *Kommunestyret ønskjer at IT - ansvarleg kan informere dei folkevalde om dataverktøy og forholda til personopplysningslova.*

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 29/2017 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

30/2017: ÅRSMELDING KONTROLLUTVALET FOR 2016

Framlegg til vedtak:

Årsmelding for Vaksdal Kontrollutval for 2016 godkjennes slik den ligg føre.

Kontrollutvalet 23.02.2017

Behandling:

Leiar for kontrollutvalet tok ein gjennomgang av årsmeldinga for kontrollutvalet i 2016.

Eit av medlemene meinte at folkevaldopplæringa som blei avholdt for kontrollutvalet på Solstrand Hotel & Bad 25. og 26. januar 2016 burde være med i årsmeldinga. Medlemene var samd i dette, og dette blei lagt til.

Medlemene i kontrollutvalet hadde ingen andre kommentarar til årsmeldinga. Årsmeldinga justeres i samsvar med kommentarar i møtet.

KONT - sak 05/2017 Tilråding:

Årsmelding for Vaksdal Kontrollutval for 2016 godkjennes slik den ligg føre.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Leiar i kontrollutvalet orienterte.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 30/2017 Vedtak:

Årsmelding for Vaksdal Kontrollutval for 2016 vert godkjent slik den ligg føre.



31/2017: BUDSJETT VAKSDAL KOMMUNALE ARBEIDS OG OPPLÆRINGSSENTER KF

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godgjenger budsjett 2017 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.798.700,-. Kr 1.496.500,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 302.200,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Boris Groth ba om at kommunestyret får ei orientering om AO-senteret.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 31/2017 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godgjenger budsjett 2017 for Vaksdal kommunale arbeids og opplæringscenter innafor ei samla ramme av kommunalt tilskotet på kr 1.798.700,-. Kr 1.496.500,- vert finansiert med ordinært tilskot og kr 302.200,- vert finansiert ved bruk av integreringstilskot.

32/2017: PLANSTRATEGI 2017-2020 - 2 GANGS HANDSAMING

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunal planstrategi for Vaksdal kommune 2016-2019 vert vedtatt slik den ligg føre.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.03.2017

Behandling:

Saka skal vidare til kommunestyret.

Framlegg frå ordføraren:

Kommunestyret ber om ei samla framstilling for det som gjeld næring og friluftsliv.

Rådmannen sitt framlegg samrøystes vedteke.

Framlegget frå ordførar samrøystes vedteke.

FPØ - sak 24/2017 Tilråding:

Kommunal planstrategi for Vaksdal kommune 2016-2019 vert vedtatt slik den ligg føre.

Kommunestyret ber om ei samla framstilling for det som gjeld næring og friluftsliv.



Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Kjartan Haugsnes ba om å få ei sak til ombudsutvalet og kommunestyret om reglement for innsyn.

Formannskapet si tilråding samrøystes vedteken.

KOM - sak 32/2017 Vedtak:

Kommunal planstrategi for Vaksdal kommune 2016-2019 vert vedtatt slik den ligg føre.
Kommunestyret ber om ei samla framstilling for det som gjeld næring og friluftsliv.

33/2017: INTERKOMMUNALT SAMARBEID OM TILSYN MED FORSØPLING FORURENSINGSLOVEN - INNGÅING AV AVTALE MELLOM VAKSDAL KOMMUNE OG BIR AS

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner at kommune inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS. Samarbeidet omfatter utføring av administrative oppgaver knyttet til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgaver med opprydding i saker om forsøpling i kommunen.

Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løyse delar av kommunen sine oppgåver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensning og om avfall (forurensingsloven). Delegasjon av oppgåver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.

Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.

Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.03.2017

Behandling:

Heidi Rongved stilte spørsmål ved sin habilitet, ho er varamedlem til styret i BIR. Formannskapet vedtok med heimel i forvaltningsloven § 6 e) punkt 2 at Heidi Rongved er ugild til å delta under behandlinga av saka.

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 29/2017 Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner at kommunen inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS.

Samarbeidet omfatter utføring av administrative oppgaver knyttet til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgaver med opprydding i saker om forsøpling i



kommunen.

Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løyse delar av kommunen sine oppgåver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensning og om avfall (forurensingsloven). Delegasjon av oppgåver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.

Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.

Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Med heimel i forvaltningslovens § 6 e) punkt 2 vedtok kommunestyret samrøystes at Heidi Rongved ugild i saka.

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 33/2017 Vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner at kommunen inngår avtale om interkommunalt samarbeid gjennom BIR AS.

Samarbeidet omfatter utføring av administrative oppgaver knyttet til tilsyn med og kartlegging av forsøpling i kommunen, samt administrative oppgåver med opprydding i saker om forsøpling i kommunen.

Kommunestyret delegerer mynde til BIR AS til å løyse delar av kommunen sine oppgåver i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensning og om avfall (forurensingsloven). Delegasjon av oppgåver og avgjerdsmynde er skildra i avtalen sitt punkt 5.

Samarbeidet vert etablert mellom kommunane Askøy kommune, Fusa kommune, Kvam herad, Os kommune, Osterøy kommune, Samnanger kommune, Sund kommune, Vaksdal kommune og BIR AS. Oppgåvene vert utført av BIR AS, som driftar eit felles kontor for utføring av oppgåvene etter forureiningslova.

Samarbeidet vert finansiert av BIR AS sine midlar.

34/2017: LOKAL "FORSKRIFT OM VASS- OG AVLAUPSGEBYR I VAKSDAL KOMMUNE" ENDRING I PUNKT I GJELDANDE FORSKRIFT

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 5, vedtek Vaksdal kommunestyre å endra lokal «Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune». Endringa



vedkjem kun punkt I «Generelle føresegner» og dei dokumenta som er lista opp i punkt 1 til 4. Bakgrunn for vedtaket er at lova og overordna forskrift, som den lokale forskrifta er heimla i, er endra.

«Generelle føresegner»

Abonnentane i kommunen betaler for vass- og avlaupstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter og av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista nedanfor:

1. Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg
2. Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kapittel 16 om kommunale vass- og avlaupsgebyr
3. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune (dette dokumentet)
4. Andre dokument

Kommunalt gebyrregulativ for det einskilde år.

Standart abonnementsvilkår for vatn og avlaup – administrerande og tekniske bestemmelser frå Kommunenes sentralforbund.

NS 3940 Areal og volumberegning av bygninger.»

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.03.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 30/2017 Tilråding:

Med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 5, vedtek Vaksdal kommunestyre å endra lokal «Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune». Endringa vedkjem kun punkt I «Generelle føresegner» og dei dokumenta som er lista opp i punkt 1 til 4. Bakgrunn for vedtaket er at lova og overordna forskrift, som den lokale forskrifta er heimla i, er endra.

«Generelle føresegner»

Abonnentane i kommunen betaler for vass- og avlaupstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter og av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista nedanfor:

1. Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg
2. Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kapittel 16 om kommunale vass- og avlaupsgebyr
3. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune (dette dokumentet)
4. Andre dokument

Kommunalt gebyrregulativ for det einskilde år.

Standart abonnementsvilkår for vatn og avlaup – administrerande og tekniske bestemmelser frå Kommunenes sentralforbund.

NS 3940 Areal og volumberegning av bygninger.»



Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 34/2017 Vedtak:

Med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg § 5, vedtek Vaksdal kommunestyre å endra lokal «Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune». Endringa vedkjem kun punkt I «Generelle føresegner» og dei dokumenta som er lista opp i punkt 1 til 4. Bakgrunn for vedtaket er at lova og overordna forskrift, som den lokale forskrifta er heimla i, er endra.

«Generelle føresegner»

Abonnentane i kommunen betaler for vass- og avlaupstenester levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter og av lokale reglement, føresegner, regulativ og deklarasjonar. Dei viktigaste dokumenta er lista nedanfor:

1. Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg
2. Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften), kapittel 16 om kommunale vass- og avlaupsgebyr
3. Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Vaksdal kommune (dette dokumentet)
4. Andre dokument

Kommunalt gebyrregulativ for det einskilde år.

Standart abonnementsvilkår for vatn og avlaup – administrerande og tekniske bestemmelser frå Kommunenes sentralforbund.

NS 3940 Areal og volumberegning av bygninger.»

35/2017: STANDARD ABONNEMENTSVILKÅR FOR VANN OG AVLØP

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune innfører vedlagte «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, administrative bestemmelser», revisjon 2017. Vilkåra erstattar «Regler for VA-installasjonar med tilknytning til kommunale VA-leidningar» vedteken av Vaksdal kommunestyre 30.04.1980.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet 20.03.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - sak 31/2017 Tilråding:

Vaksdal kommune innfører vedlagte «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, administrative



bestemmelser», revisjon 2017. Vilråa erstattar «Regler for VA-installasjonar med tilknyting til kommunale VA-leidningar» vedteken av Vaksdal kommunestyre 30.04.1980.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - sak 35/2017 Vedtak:

Vaksdal kommune innfører vedlagte «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, administrative bestemmelser», revisjon 2017. Vilråa erstattar «Regler for VA-installasjonar med tilknyting til kommunale VA-leidningar» vedteken av Vaksdal kommunestyre 30.04.1980.

36/2017: INTERPELLASJON FRA MDG VAKSDAL - TILTAK FOR Å BEKJEMPE PROBLEM MED BRUNSNIGLAR

Frå Tom Charles Johnsen, MDG, ligg det føre slik interpellasjon:

Vaksdal kommune har som andre stader dei seinare åra hatt eit aukande problem med brunskogsnigel, og det er all grunn til å prøve å avgrense eller fjerne dette problemet.

Brunskogsnigelen er en svartelistet og en uønsket art i Norge.

I dag finst det ulike tiltak som har synt seg effektive, men for å lykkast er det trong for ei samordning av tiltak på tvers av eigedomsgrenser og til rett tid.

Skal ein få til ei avgrensing eller utrydding av snigelproblemet må derfor kommunestyret inn og styre og delfinansiere dei ulike åtgjerda ein har mot snigelen.

Vaksdal MDG ynskjer at kommunestyrett går i bresjen for å få bukt om dette problemet, og ber om at administrasjonen gjennomfører ei enkel kartlegging for utbreiing, kva tiltak som er mest effektivt i Vaksdal og eventuelt kva kostnader det vil ha.

Me ynskjer å komme i gang med tiltak allereie no i 2017 og ber derfor om å få saka til handsaming slik at me også kan sjå dette i samanheng med løyvingar frå næringsfondet.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Interpellanten fekk først ordet for å fremja interpellasjonen.



Ordføreren gav slikt svar:

Folk som har brunsnigel i hagene sine fjernar disse. Dette gjør de uten en kommunal kartlegging. Det er min mening at dette ikkje er en kommunal oppgave.

Det er naturleg at koordinert, felles innsats mot brunsneglar ligger til lokale hagelag, velforeiningar og liknande organisasjonar. Kommunen kan informere om problemstillingen generelt og til lag/organisasjonar som ønsker å gjøre en innsats.

Det vart så opna for debatt.

Det vart røysta over om kommunen skal ta eit initiativ i tråd med interpellasjonen og nye opplysningar som interpellanten kom med i møtet. Dette vart vedteke med 15 røyster (SV, H, FRP, KRF, MDG, SP og Olav Bjørnberg og Brita Hesjedal Lunde (AP))

KOM - sak 36/2017 Vedtak:

Vaksdal kommune vil ta eit initiativ i tråd med interpellasjonen for å prøva å avgrensa problem med brunsniglar i kommunen.

37/2017: INTERPELLASJON FRÅ VAKDAL SV - VAKSDAL KOMMUNE SOM MEDLEM AV TRANSPARENCY INTERNATIONAL

Frå Kjartan Haugsnes, SV, ligg det føre slik interpellasjon:

Transparency International er den globale sivilsamfunnsorganisasjonen som står i spissen for kampen mot korrupsjon. Gjennom nesten 100 avdelingar over heile verda og eit internasjonalt sekretariat i Berlin, spreier TI kunnskap om skadeverknadene av korrupsjon, og samarbeider med myndigheter, næringsliv og sivilsamfunn om å utvikla og iverksetta effektive tiltak mot korrupsjon. Som medlem av TI-Norge bidreg kommunen til felles innsats for openheit, integritet og ansvarleggjering i samfunnet for å hindra korrupsjon og misleg framferd nasjonalt og internasjonalt.

- TI-Norge gjev opplæring, dilemmatrening og innspel til kommunen.
- TI-Norge gjev råd til utvikling og forbetring til kommunar sitt antikorrupsjonsprogram.
- Medlemmer får invitasjoner til TI-Norge sine egne arrangement.
- Deltaking i utvikling av antikorrupsjonsnettverk.
- Tilgang til relevant informasjon og verky for å motverke korrupsjon.
- Tilgang til internasjonal ekspertise gjennom TI-Norge sitt sekretariat.

Medlemmane forplikter seg til å praktisere nulltoleranse for alle former for korrupsjon i si verksemd, og å få på plass eigna tiltak mot korrupsjon. Ein kvar person, organisasjon, eller institusjon som sluttar seg til TI sitt føremål kan verte medlem. Transparency International Norge er først og fremst finansiert via medlemskontingent og medlemmene er viktig for organisasjonen, både økonomisk og for å legitimera arbeidet dei gjer nasjonalt og internasjonalt.

TI har omlag 60 kommunar og fylkeskommunar som medlem i dag, og kan med fordel få fleire medlemmer. Her i Hordaland har nyleg Fusa kommune vedteke å slutte seg til organisasjonen. Kontingenten er årleg på 15 000 kroner.

Ein kan lese om TI her: <http://transparency.no/>



Spørsmål til ordfører.

Vil Vaksdal kommune søkja medlemskap i Transparency International?

Forslag til vedtak:

Vaksdal kommune søker medlemskap i Transparency International.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Interpellanten fekk ordet først for å fremja interpellasjonen.

Ordføreren gav slikt svar:

Svaret er enkelt:

Eg meiner at Vaksdal kommune bør søke om medlemskap i Transparency viss kommunestyret vil det.

Det vart røysta over forslaget. Kommunestyret gjekk samrøystes inn for dette.

KOM - sak 37/2017 Vedtak:

Vaksdal kommune søker medlemskap i Transparency International.

38/2017: SØKNAD OM PENGESTØTTE TIL AKSJON E16 VOSS-BERGEN

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Søknad om pengestøtte til Aksjon E16 Voss-Bergen vert ikkje imøtekomen.
2. Søknad om pengestøtte kr 15.000 til Aksjon E16 Voss-Bergen vert innvilga.

Kommunestyret 08.05.2017

Behandling:

Framlegg frå Kjartan Haugsnes på vegner av SV, H, FRP, MDG:

1. *Søknad vert ikkje realitetshandsama.*
2. *Kommunestyret meiner at ein søknad om pengestøtte frå Vaksdal kommune som eit minimum må innehalde:*
 - a) *Eige organisasjonsnummer.*
 - b) *Eige styre*
 - c) *Eigen konto*
 - d) *Budsjett for omsøkte midlar.*

Kommunestyret ber administrasjonen gje søker informasjon om dette.

Forslaget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke.

Framlegg frå Sigmund Simmenes om å gje fullmakt til formannskapet å behandla søknaden vart samrøystes vedteke.



KOM - sak 38/2017 Vedtak:

1. Søknad vert ikkje realitetshandsama.
2. Kommunestyret meiner at ein søknad om pengestøtte frå Vaksdal kommune som eit minimum må innehalde:
 - a. Eige organisasjonsnummer.
 - b. Eige styre
 - c. Eigen konto
 - d. Budsjett for omsøkte midlar.

Kommunestyret ber administrasjonen gje søkjar informasjon om dette.

Formannskapet får fullmakt til å behandla søknaden når ein evt. ny søknad føreligg.

SPØRSMÅL

Tom Charles Johnsen

Etterlyste sak om resirkulering i kommunale bygg.

Ordførar svarte

Jan Erik Bernes Roe

Om prosessen med å rekruttera leiarstillingar og justeringar i administrasjonen

Rådmannen svarte

Anneli Vatle Lilletvedt

Ønskjer ei orientering frå leiar i Vaksdal Næringssselskap om arbeidet i verksemda

Ordføraren svarte